

”Sletto er makelaus til å skriva”

Redigerte utdrag frå Olav H Hauge sine dagbøker

Av Kai Jacobsen

Olav H Hauge har ein sterk og særeigen posisjon i norsk litteratur, og han er ein av våre mest folkekjære lyrikarar. Han ga ut 6 sjølvstendige diktsamlingar, samt ei sjuande som vart innlemma i «Dikt i samling». I tillegg fleire bøker med omsetjingar av utanlandske dikt.

Han skreiv også dagbok frå han var 15 år til han døydde. Tidsspennet frå 1924 til 1994 er såleis 70 år, og han etterlet seg 84 stilhefte med til saman 5720 handskrevne dagboksider. Omfanget gjer dagboka til ei av dei mest omfattande i verdslitteraturen.

Dagboka inneheld ikkje fyrst og fremst kronologisk kalenderstoff, sjølv om han òg ofte tek med hendingar i kvardag og nærmiljø og har med skildringar frå reiser han gjorde i siste delen av livet. Mesteparten av dagbøkene handlar om litteratur, og dette er såleis ei litterær dagbok. Han reflekterer over skrivekunsten, om diktarar han er oppteken av og om bøkene han les.

Han var verkeleg ein lesehest som ikkje berre «slukte» skjønnlitteraur og lyrikk, men las alt frå lokalhistorie og kulturhistorie til dei store filosofane.

Han lærde sjølv både engelsk, tysk og fransk, og las litteratur og har også omsett mange dikt frå desse språka.

Dagboka vart gjeve ut på Samlaget i 2000, og denne store og gedigne 5-binds-utgåva på vel 3700 boksider er fortsatt tilgjengeleg. Det har også kome eit utval frå desse dagbøkene; dette er ei bok på om lag 300 sider (Samlaget, 2011).

Olav H Hauge si dagbok kan lesast som eit litteraturhistorisk referanseverk.

Den har eit svært godt register som gjer det lett å finne fram, om ein til dømes ynskjer å lesa det Olav H Hauge har skreve om ein bestemt forfattar. Eg har her samla alt som Olav H Hauge har skreve om Olav Sletto.

Han let absolutt vel om Sletto si dikting, og med den litterære kunnskap og tyngde me finn hjå Olav H Hauge bør dette gjerast kjend både for Olav Sletto-selskapet og andre som er interesserte i Sletto si dikting.

Dei to fotnotene er ikkje frå dagbøkene, dei har eg sett inn.

Frå Bok 1:

s. 675 – 13.oktober 1958

OLAV SLETTTO: *BAKKE UPP OG NED DAL*. God bok. Framifrå. Eit oppgjerd. Jau, Sletto set kniven i mange svullar, serleg då det dekadente i kunst og liv. Ein stad nemner han at Ibsen har snakka um «fisk med vandskrækk» - er det ikkje det dei livsdugande er? Det er eit sunt, friskt syn som slær imot deg ifrå ungdomsliv på folkehøgskulen.

Elles er boki opplyssande. Ta til dømes Goethe-prøva hjå hr. Sven. Aldri har eg set realismen i sterkare kontrast, i kontrast til idealismen hjå den unge Olvar. Godt! Det er der Olvar kjem med «Tårnvaktar-songen» frå 5. akt i 2. del i *Faust*.

Dette oppgjerdet med realismen er godt. Ein ting ser me no: Realismen enda i ei blindgate. Men som alle vinglarar, var han lærerik – for dei som kjem etter.

Elles fortel Sletto her korleis han i ungdomen – ein lyt gå ut ifrå at Olvar er han sjølv – vart kjend med austerlandsk mystikk, gjennom ein han kallar Doktoren, som har granska indisk tru og tenkjing. Dette møte har ikkje vore avgjerande for hans livssyn, *det* var fastlagt tidlegare gjennom møtet med Platon og Goethe og Grundtvig, men det styrkjer og utvidar kunnskapen hans um ånde verdi og religion – gjer han meir handfast, realistisk. Sletto vert med åri ein innvigd, som Steiner vilde segja. Ei lang rekkje bøker med emne frå den fyrste kristne tidi var elles det fyrste Sletto la i veg med etter gjennom brotet som forfattar.

Til slutt berre nokre ord: Veggen til ny sannkjenning laut visseleg gå gjennom realismen- den gamle idealismen var vorten blodlaus og abstrakt, - tenk på Victoria-tidi i engelsk litteratur. Dei laut reagera, og koma nedatt på jordi og læra å gå tinga inn på livet, sjå røyndi i auga – fyrst den reint ytre røyndi, og so smått den overnaturlege røyndi, den andre verdi. Kanskje dei held på fatar litt av den med, ikkje som abstraksjon men som *røynd*, den med. Eit godt døme er T.S.Eliot. Kven gjeng røyndi, kvardagen kvassare inn på livet? Ingen. Ta til dømes «Preludes» og «the Waste Land». Men han er merksam på den religiøse røyndi, og tek henne like dødeleg ålvorleg, attåt at han yter moral og tradisjon og abstrakte idear den vyrnad dei har krav på.

Likevel, eg ser opp til slike som Aukrust og Sletto og Alf Larsen, som ikkje fylgde moten, men held fast på det gamle livssynet, dei held ut i tårnet, «zum Sehen geboren, zum Schauen bestellt», som det står.

s. 678 - 22. oktober 1958

Ja, eg har vorte meir kjend med Olver (Olav Sletto) . Det vart til at eg skreiv til Norli etter alle tre bøkene um Olver. Han førde òg dagbok, fortel han, i unge år. Eg undrast kor den boki vilde verta, eg, som eg skulde skriva um meg sjølv! Nokon kvar kunde ha eitkvart å fortelja um sin barndom og sitt fyrste møte med boki. Og mange har òg gjort det, med større kunst og meir inderleg enn nett Sletto. Men det som gjer desse bøkene so spennande, er møte med hovudstaden og åndsstraumane som rådde då.

s. 678 – 23. oktober 1958

Held på med *Høgt berg* av Sletto. Jau, det er forvitneleg å følgja den unge mannen i Kjøbenhavn. Det er forvitneleg å sjå korleis han reagerar på tidsens kunst og korleis han vert kjend med dei førande i litteraturen. Hr. Helge er Helge Rode, skynar eg, men hr. Sven? Eg er ikkje kjend nok i dansk bokheim til å kjenna att han, men venteleg er det ein kjend kritikar. Merkjeleg, men ikkje uventa er møtet med Baudelaire. Han er inne på noko tidstypisk. Fyrst ettertidi vil kunna døme i dette stykket- Fyribils ser det ikkje ut til at Baudelaire har sige i

gradene- Forvitneleg er òg møte med Goethe. Her er dei fleste samd med Sletto, Goethe er i stigande og det er ingi skam å sitera og visa ein er kjend med diktingi hans i dag, tvertum, vil eg segja, det høyrer til.

Ja, Sletto har vore ein lukkeleg mann, eit lykkemenneske, som Duun vilde ha sagt. Han kom tidleg ut og fekk læra, alt laga seg til for han. Og lukke har fylgt han seinare òg.

Kor alt er eller ikkje, *På høgt berg* er ei spellevande bok! Ein stakar som sjølv har havt same hug til lesnad og kanskje havt hug til å læra å skriva òg, men ikkje fenge fylgt hugen, kan berre sukka. Tenk det å møta og verta kjend i unge år med slike som Rode og Krog og Rimestad! Jau, det måtte vera noko! Og personleg ven til Höföding!

.. I det heile, Olav Sletto er slett ikkje typen på ein litterat slik som me har havt i tankane dei siste hundra åri, nei, han er merkjeleg gamaldags, men kanskje moderne nok? Det er i det heile mykje forvitneleg, den lærde og den litterære, og kunstnarane med, er ein stand for seg sjølv, og det er mykje å læra av den standen for ein som vert uppteken der. Kva skal ein som eg segja som alltid har stade utanfor? Som aldri har lært slike folk å kjenna? Nei, ein fær tenkja sjølv, kva ein har gjenge i miss. Hadde ein endå havt bøker! Men kva har eg havt? Tilfeldig, radt på slump det.

s. 777 - 3. mai 1959

Olav Sletto har ei studie i biografiane sine der han fortel um møte med Baudelaire. So lett er det elles ikkje å verta ferdig med han. Holst skriv: «Baudelaire dyrker rusen – ikke så meget fordi den byr ham glemsel, men fordi den hjelper ham til å lodde dybdene i hans eget vesen.»

s. 778 – 3. mai 1959

I det heile, les ein igjennom Eliots essay, so trur eg han har set djupare enn Sletto. Det er ofte fårleg å gjeva seg til å skriva um ein diktar ein ikkje maktar å lesa på hans eige mål.

S. 785-786 – Juni 1959

ALLEGORI OG SYMBOL. Allegorisk dikting er ikkje symbolsk dikting. Allegorien kjem inn under tanken, symbolet innunder intuisjon og aning. Symbolverknaden er ikkje at ein forstår, men at ein fær ei vid anande kjensle av djupe og evige ting. *Olav Sletto*

PÅ HELGAFJELL AV OLAV SLETTO. Dette er gut som har fyrebutt seg grundig til forfattaryrket. Det merkjelege er – som Skrede elles nemnde i Dagbladet – at mange av jamaldringane til Sletto, dei sat att heime og berre dikta, utan å sitja under noko kateter, utan å verta kjend med dei store i samtidi. Dei hadde vel ikkje nett so mykje estetisk skuling heller. Men so gløgge var dei, både Nygard og Aukrust, og andre med, at dei hadde kome til same synet på dikting som Croce!

Men boki er god. Kvikk, gløgg. Det er ein lykkefugl, denne Olvar. Bilete av Brandes er godt. Elles er det liten skilnad på denne diktaren me møter her, og Olafur Karason.

BENEDETTO CROCE. Olav Sletto fortel at kjennskapen til Croces syn på litteraturen vart avgjerande for han. Eg har ei lit bok av Croce, *Essays*, som kom på norsk for nokre år sidan. Og det er sant, det er hyggjeleg å lesa til dømes *Forsvar for poesien*. Klokt, fint, skynsamt. Han visste litt um dikting, gamle Croce!

s. 792 – 24. juni 1959

Eg driv og slær. Tynnar frukt. Vêret fint. Når eg kviler les eg. *Et speil for Narcissus* av Negley Farson, *Når Gud blir lei oss* av Arnulf Øverland, *På Helgafjell* av Sletto er bøker eg nett har lese. Dessutan *Ny jord* av Hamsun, og *Kratskog*. Forvitnelege bøker alle saman.

Frå Bok 2:

s.39 - 18. oktober 1959:

I dag har eg lese ei bok av Sletto: *Skrinet skal opnast om hundra år*. Sletto er makelaus å skriva, det er nett som han spelar seg. Forlivande. Men merkjeleg fjernt og lyft upp i eit særst ljøs. Stilen høyrer til i ei måneverd. Uverkjeleg. Ein merkjeleg forfattar.

s.251 – 27. oktober 1961

Skrede skriv um siste og femte boki av minnebøkene. Han skryter, segjer han. Det må Sletto ha lov til, dei skryter for minder livsverk, tykkjer eg. Etterpå segjer meldaren at bokji er ypperleg skrivi. Men då er vel alt vel? Me har ikkje mange som Sletto, kvifor då ta imot det ein slik mann skriv, på ein slik måte? Eg vilde helsa ei slik bok velkomi, og ikkje nett festa meg so mykje ved at forfattaren har tru på seg sjølv og store tankar um sitt kall; det er eit godt teikn, det. Um sume andre dikttrar har drive det lenger, både Hamsun og Kinck og Duun og Undset, som Skrede nemner, so er det all grunn til å ta hatten av for Sletto òg som diktar, han er ingen kven som helst. Og ein stor produksjon har han bak seg: Sletto er ein rik og mangslungen forfattar, synest eg. Eg har lese so altfor lite av han.

s. 287 – 15. mars 1962

OLAV SLETTA: *DET TEDDE EI ELDBORG*. Dette er femte boki i serien om Olvar. *På Helgafjell* har eg ikkje lese. Merkjeleg. Forvitneleg lesnad. Sletto låst vera ein innvigd. Lenge greider han å innbilla lesaren at han er noko serskilt. Og er det gjerne òg. Men når det ber til stykkje er det mykje av Steiner han vartar upp med. Schuré¹ kanskje. Merkjeleg nok nemner han ikkje Steiner og Schuré. Sletto skriv godt. Svært godt. Litt sjølvgod verkar han.

OLAV SLETTA: *PÅ HELGAFJELL*. Denne har eg ikkje lese fyrr, eg fær gjera det, so har eg lese alle fem bøkene. Dei er forvitnelege.

¹ Eduard Schure (1841-1929): Fransk filosof, poet, forfattar og utgjevar av esoterisk litteratur

s.577 – 10. januar 1965

Der er ikkje tvil um at Baudelaire er «a living dead», for å snakke med Eliot, og at han vil verta det. Eg lyt smila når eg tenkjer på Slettos oppgjer med Baudelaire! Han kunde ikkje ha høyrte den ville myrke smerten i suma av dikta hans, klagen frå ei sjel i naud.

Frå Bok 5:

s. 196-197 – 29.11.84

Laurdag morgon til Geilo. Kom der i nonstidi. Um kvelden synte Bodil ljosbilete av vednader, eg las då dikt på eit møte i Hol Mållag, dette hadde me lova for eit halvt år sidan. Godt frammøte og mykje gildt folk. Ein ung mann frå Ak(s)nes i Kvam, var formann. Ola Isungset var skrivar. Um sundagen var me til middag hjå han og kona hans i lag med Aksnes., som venteleg var ugift. Aksnes hadde då køyrt oss til Hagafoss og fenge ein ung kunsthistorikar, Huskelien, til å visa oss rundt i bygdemuseet der. Eit uvanleg velskipa museum, med eldfast hus og stort gardstun. Mykje fint der. Sjølv sagt var det Reinton-karane som hadde vore dei drivande i arbeidet med samlingane. So såg me den gamle kyrkja i Hol; me køyrde og opp og såg staden der Olav Sletto voks opp hjå besteforeldri, ein liten fjellgard med vidt utsyn over dalen. So toget til Voss og buss heim. Lett og frisk fjell-luft på Geilo, regn og skodde vestum. Eg kjende gikti tok til å riva att.

s.373 – 19. mars 1988

«Det hellige vanvidd» kallar Alf Larsen den mallarméske versekunsten, han reknar Mallarmé er opphavsmannen til språkuppløysingi. Me kan sjå den språkkunsten i rein kultur her i landet i dag. Døme på stil: Olav Sletto!

s.373 – 28. mars 1988

Eg les minnebøkene til Sletto uppatt. Slik norsk har vel ingen skrive, han var ein meister. Men der er innhald òg: Alf Larsen såg kva han var. Birkeland skriv godt um Sletto i Cappelens norske litteratursoge.

s.375 – 7. april 1988

Siste vikone har eg lese uppatt memoarverket til Olav Sletto. Eg har berre dei tri fyrste bandi. Eit merkeleg verk. Og so velskrivi! Han dyl ikkje for at han har vore eit solskinsbarn. Slike er sjeldan å møte, i livet som i litteraturen.

s. 521 – 16. juni 1991

Sundag. Etter middag til Voss. Eg har skore til 4 kubbar av aplar me skar ned, Marit Hafting hadde tinga på dei til fot under eit hagebord, dei tok me med. Ho bur på Nyresbaret. - I bokhylla fann eg *Ei bok um Olav Sletto*, den fekk eg låna. Det er ein biografi som Johs. A Dale og Lars Reinton har skrive; boki kom i 1966.

s. 521 – 17. juni 1991

Dagane gjeng med slått, ugrashakking , og slik arbeid som lyt gjerast. Eg byrja på *Ei bok um Olav Sletto*. Frå bøkene um Olver kjenner eg litt til livet hans i ungdomen. Eventyr! Slik kan ungdomen vera for sume.

Oslokritikken, segjer Lars Reinton, var stygg mot Olav Sletto. Eit under at han var sterk nok til å bera påkjenningi. Dei snakkar um å vera miskjend. Han fekk røyndet, meir enn nokon annan norsk diktar.

PER-BØKENE Tek eg i miss når eg peikar på eit visst likskap millom dei og *Bunte Steine*²? Kanskje ikkje likskap, men noko som minner, i syn, gledesyn på livet? At Sletto var velkjend i tysk litteratur, veit me.

s. 523 – 12. juli 1991

Komne til Vinje, svinga me ned på Midtbø. Halldis venta oss, og nysteikte vaflor og kaffi fekk me. Bodil gjekk og la seg i skuggen ute, og Halldis og eg prata i den svale stova, - det var + 30 grader. Eg, som nett hadde lese um Olav Sletto, fekk henne til å fortelja litt um far hennar og han. Ho ga då ei noko onnorleis skildring av ferdi deira til Tyskland enn Lars Reinton. Sjølv hadde ho aldri møtt Sletto. Ho hadde lese Per-bøkene og tykte dei var makelause.

s. 552 – 6. mars 1992

OLAV SLETTO: *PÅ HELGAFJELL*. Bøkene um Olver. Dei tri fyrste kjøpte eg for lenge sidan. Fjorde bandet har eg sakna. No fekk eg tak i det i eit antikvariat.

Desse bøkene skal vera ein sjølvbiografi. På ein måte kan ein kalla dei ein Bildungsroman. Merkelege bøker. Er dei sanne, må denne Olvar (ha) vore ein lukkefugl. Er det påverknader og lesnad som slik er personleggjorde, er det meisterleg gjort og lærerikt. Bildungsroman etter gamal god tysk uppskrift.

Etter det Lars Reinton skriv i boki um Sletto, er det ikkje tvil um at Sletto kjende desse store åndsmennene han fortel um i Olver-bøkene: Brandes, Rode og kona, Sven Lange, Høffding o.s.b.

² Bunte Steine: Ei samling av 6 fortejingar av A. Stifter, utgjeve i 1853

Spit bit ikkje, og gardinor for skorsteinen treng eg ikkje (Ordtøke i Ulvik)